



Statens vegvesen

Hordaland fylkeskommune –
Samferdselsavdelinga
Postboks 7900
5020 BERGEN

Behandlande eining: Region vest	Sakshandsamar/telefon: Bjørn Skorpa Eikeland / 56520282	Vår referanse: 17/150941–8	Dykkar referanse:	Vår dato: 30.08.2018
------------------------------------	---	-------------------------------	-------------------	-------------------------

Tilbakemelding på klagenemnda sitt vedtak av 21.06.2018 i klagesak – dispensasjon frå byggjegrænse mot fv. 7

Viser til oversending av vedtak i klagenemnda i møte 21.06.2018, dykkar referanse 2017/16385–4.

Det vert lagt til grunn at detaljane i saka er kjende.

Når Statens vegvesen innvilgar dispensasjonar frå byggjegrænse mot offentlig veg vert det samstundes stilt vilkår til dispensasjonen. Dette er standardvilkår som skal ivareta trafikktryggleiken, tilhøva for drift og vedlikehald av vegen, miljøet langs vegen osv. Avhengig av tiltaket og dei spesifikke førehalda på staden, er det og aktuelt å stille særskilde vilkår basert på ei fagleg vurdering.

Klagenemnda fatta i møte 21.06.2018 følgande vedtak:

Klaga vert teken til følge. Klagenemnda viser til at SVV sine vurderingar knytt til kommuneplanen allereie er vurdert av kommunen og at dei har gitt tillatelse. Tilbygget vil heller ikkje utgjera vesentleg endring frå dagens situasjon.

I dette tilfellet har klager fått medhald i klage av klagenemnda. Det vil i praksis seie at klager har fått dispensasjon frå byggjegrænse mot fv. 7 utan vilkår. I ein sak der faglege grunnar tilseier avslag, har no søkar «kome betre ut av det» enn i saker der Statens vegvesen finn at dispensasjon kan innvilgast på vilkår.

For å unngå denne problematikken i framtida vert følgande løysingar føreslådd:

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Flyplassvegen
5705 VOSS

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

- 1) Statens vegvesen skriv i følgebrev ved oversending av klagesak kva vilkår som skal stillast dersom klagenemnda vel å gje dispensasjon. Ein ulempe ved denne løysinga er at vilkår først vert fastsett av klageinstans. Det kan då stillast spørsmål ved om den delen av klagenemnda sitt vedtak som gjeld vilkår skal kunne klagast på, og kva instans som eventuelt skulle ha behandla klaga.
- 2) Klagenemnda kan i sitt vedtak presisere at dispensasjon vert gjeve, men at utforming av vilkår vert utført av Statens vegvesen. Dette vil gjere det mogleg for søkar å klaga på vilkåra fastsett av Statens vegvesen. Det kan medføre ekstra ressursbruk dersom saka skal bli klagebehandla to omgangar, først spørsmålet om dispensasjon, så eventuelt spørsmålet om vilkåra.

Plan og forvaltning Voss og Hardanger ser alternativ to som den mest ryddige og rasjonelle måten å handtere slike saker på. Me vil be klagenemnda i Hordaland fylkeskommune sjå på moglegheitene for å innføre ei slik ordning.

Plan og forvaltning Voss og Hardanger
Med helsing

Terje Vidar Hoel
fungerande seksjonssjef

Bjørn Skorpa Eikeland
Avdelingsingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.